

SUNNHORDLAND MUSEUM  
Museumbakken 16  
5417 STORD

Dato: 24.11.2017  
Vår ref.: 2017/8481-20  
Saksbehandlar: inggase  
Dykkar ref.:

Att. Håvard Tvedte

## **Museumsløftet 2017 - Nettverk maritim historie – museumssamarbeid med lokale aktørar - Underretning om vedtak**

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til Museumsløft 2017.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 25.10.2017, politisk sak 129/2017, vedteke å tildele dykk 380.000 kr i tilskot.

Ved søknadsfristen 20.08.2017 var det kome inn 12 søknader. Samla søkesum var 3.427.000 kroner. Det er totalt 2 millionar kroner til fordeling under Museumsløft 2017.

### **Grunngjeving**

Fylkesrådmannen syner til politisk sak i vår, PS 39/2017. Museet viser gjennom prosjektet at det vil utvikle samarbeidsmodellar med frivillige aktørar innan den maritime industrihistoria. Det er arbeid strukturert med dette, mellom anna gjennom kartleggingsarbeid i samlingsplanen til musea og i møte med lokale aktørar. Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritere strengt. Prioriteringa er gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningslinjer. For oversikt over tildeling, sjå politisk vedtak og saksframlegg.

Politisk vedtak:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=10762&caseType=Protokoll&registryEntryId=468919>

Saksframlegg:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=10762&caseType=CasesFremlegg&registryEntryId=468919>

### **Vilkår for tilskot - Oppfølging, rapportering og kontroll**

- Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.

- Gjennom aktiviteter, informasjonsmateriale mv skal det gjerast tydeleg at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. Dokumentasjon av dette skal leggas ved rapport.
- Om ein har opne, publikumsretta arrangement er det ein føresetnad at tilskottsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal då ha rett til gratis billett til sitt følge.
- Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning. Dersom prosjektet vert avlyst, utsett eller vesentleg endra, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.

### Utbetaling

Tilskotet vert utbetalt til dykkar bankkontonummer når akseptskjema er returnert i underskriven stand.

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### Rapportering/rekneskap

Rapporten skal gje ei kort skildring av:

1. Når og korleis tiltaket vart gjennomført.
2. Eventuelle avvik frå vilkåra med nærare grunngjeving.
3. Eventuelle avvik frå søknadsgrunnlag (planar/budsjett) med grunngjeving
4. Dersom rapport/rekneskap i samsvar med krava ikkje vert levert innan fristen vil det vere eit brot på vilkåra for tildelinga.

At krava til rapportering og rekneskap er oppfylt vil også vere vesentleg med omsyn til vurderinga av eventuelle seinare søknader.

**Det er viktig å merke rapporten med saksnummer 2017/8481-20.**

### Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen melding om vedtaket vart mottatt. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) merka *Klage – 2017/8481-20*. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Irene Fredheim Kronen